

Livet er ei lokal affære



Geir M. Brungot

Geir M. Brungot - Livet er ei lokal affære

Eva Furseth, kunsthistorikar

Hev ankeret i sjelen din og seil avgårde til de store sjøer.
Shirley Jacobsen

Det kan vere krevjande for ein kunstnar å kuratere eigne utstillingar, kanskje spesielt ei så pass omfattande som Geir Morten Brungots "Livet er ei lokal affære". Men når bildeutvalet og samanstillinga først klaffar, får vi ei utstilling herleg fridd for betrevitande føringar. Utstillinga spenner over 16 år, og gir oss høve til å finne bruer så vel som utviklingslinjer.

Utgangspunktet for store delar av kunsten til Brungot er den staden han har nær tilknytning til, den vene fjordbygda Sykkylven med møbelindustrieventyr og knappe 8000 sjeler. Her har han vakse opp og her jobbar han med kunsten sin. "Sykkylven er kanskje det vakreste av alle Sunnmørske landskaper", skreiv Kristoffer Randers i 1890, og held fram "Hva som betinger dette, er ikke noe enkelt – ikke fjorden – ikke fjellene, ikke breene, ikke dalen – men alt dette i forening, den harmoniske blandingen av det storartede med det smilende."

Det er likevel ikkje det openbart storslagne Brungot tek opp; han går tett innpå motivet, ser på strukturar i jorda, veggen, eller grastustane ved ei rundkjøring. Han tek for seg fornemmelsen ved det kjente – det som er vanskeleg å beskrive med ord og som ein må være lommekjent for å fange opp. Det er likevel ikkje heimstaden som sådan kunsten til Brungot handlar om. For motiva hans ligg ikkje berre i det kameralinsa fangar opp; ved hjelp av eit særskilt blikk underbygd av godt fotografisk og kompositorisk handverk blir motivet løfta opp til eit plan der verket får nytt innhald frigjort frå den røyndommen det materialiserer. Kunsten hans utfaldar seg såleis i sonen mellom det stemningsmetta landskapsfotografiet og konseptuell kunst. Ein serie som "Verda ifylgje meg" (1996-2002) slår attpåtil med tittelen fast at det er hans høgst personlege blikk han gir uttrykk for.

Og det er ei underleg verd Brungot fører oss inn i. Det er vel uråd å sette fingeren eksakt på kva det er; men her møter vi gjerne det vi

elles ikkje ser, eller det vi gløymer så snart vi har sett det – all den informasjonen som hjernen vår er programmert til å sjalte ut i et tilvære fullspekka av inntrykk. Her blir vi ståande og sjå på bilde av trivielle rundkjøringar, strukturar i betong, opne plassar. Overalt i Brungots univers er det så aude, så tomt. Her er nesten ingen menneske, og når vi møter nokon, vender dei gjerne ryggen til, nærast demonstrativt. Sjølv der ein kunne forvente store folkemengder er det ingen. Men her er alltid avtrykk av menneske; ei urban setting med bilar, eit bordtennisbord. Sjølv om vi skimtar kjøretøy på ein motorveg langt unna, forsterkar dette lukta av einsemd – som vert tjukkare jo fleire verk du ser.

Er det ikke sant at de "ytre, objektive" kjensgjerninger får noen interesse og betydning bare i den utstrekning de strømmer inn i våre tanker og følelser og blir til stemmer som gir gjenklang i de dype huler og ganger i oss, kort sagt blir ett med vår angst og vårt håp, vår glede og vår lidelse.

Vladan Desnica

Verka fungerer som eit slags sjeleleg landskap, og minner oss om at når alt kjem til alt så er vi alle åleine, fanga i vårt eige med den ubehagelige vissa at ingen nokon gong kan forstå oss fullt ut. Ei visse like gammal som mennesket, og som legevitskapen nervøst prøver å viske vekk, og som kunstnarar og filosofar gjennom alle tider har gjort til si utfordring.

Av dei utstilte verka er det vel serien "Evig eies kun det tapte" (1999-2003) som har mest eintydig symbolikk. Her vert vi konfronterte med døden på ulike vis; frå det direkte og smertefulle, til metaforiske bilde – mellom anna ein bringebæråker, der eit melankolsk sinn vil sjå gravkrossar i staden for avstivarar for bærbuskar. Påminninga om at blikket er subjektivt og kontekstbasert, er ein gjengangar i kunstnarskapet hans. Eit av Brungots viktigaste verkemiddel for å oppnå dette er det estetiske, bilda hans er rett og slett vakre å sjå på. I ei årrekke har han jobba i svartkvitt, gjerne med kraftige kontrastar i lys og skugge som manar fram interessante strukturar og rytmar. Fotografia er så taktile at vi kan plukke grasstråa, føle betongmuren mot fingertuppene.

Dei tiltalande stofflege kvalitetane gir oss lyst til å bli ståande og sjå, sjå tilstrekkeleg lenge til at vi får teven av meir enn det auget umiddelbart kan oppfatte. Då legg vi kanskje betre merke til at det samtidig er noko behageleg med fråversstemninga som kviler over bilda. I ein hektisk overlessa kvardag er det godt å møte noko stille, ryddig, ordna. Dette ser vi kanskje klarast i seriar som "Kjedsomhetens fotografi" (2001), som tek føre seg tette utsnitt av ulikt teksturerte flater. Motiva kviler alltid på få komponent. Likevel er bilda komponert slik at dei oppnår ein diskret monomunetalitet som får oss til å ane det store alvoret og tyngda.

Desse meditative bilda fører oss til noko som ligg nær Austens filosofi. Innan taoismen blir ikkje tomheit eller ikkje-væren jamstilt med "ingen-ting", men som eit fråver av sansbare kvalitetar. Såleis får ikkje-væren høgare status enn væren. Når taoisten i sitt sinn realiserer Tomheit, tyder det at ein har frigjort seg frå alle hindringar og distraksjonar slik at Tao kan manifestere seg i mennesket fritt og spontant. Berre såleis kan ein oppnå harmoni og likevekt. Dette harmonerer godt med det asketiske uttrykket som Brungot legg vinn på å få fram. Ved første augekast har fotografia hans minimalt med innhald, men etterkvart vil vi oppleve at det nettopp er det enkle formspråket som gir dei rom og fylde.

Mennesker som mener de kan forklare alt, setter ting inn i system de selv har konstruert, passende til deres behov for demping av livsangst, dødsangst og hungeren etter å være evig-eksisterende.

Per Hansson

Når det gjeld fotokunsten til Brungot må vi passe oss for å døsig rangle inn i ein ferdigsydd analysemodell, for bilda inneheld som regel ein brodd – ein snert. Slik må ein alltid vere vaken i møte med verka, så vel som med kunstnaren personleg. Brungot er ein nærverande kar med stort pågangsmot, som liker å dra alle former for autoritetar ned frå sin høge hest.

Så sjølv når vi har funne fram til ei tolking, bør vi ikkje føle oss for

trygge. For humoren, det skeive blikket er alltid der. Men det er likevel ikkje tale om ironiske bilde. Det ironiske vil alltid vere belemra med ein uforpliktande distanse, og ein slik synsvinkel gjer det ærlege og inderlege mindre synleg. Og det er noko som definitivt ikkje gjeld for Brungots kunst. I fotografia hans ligg det ikkje nokon ironisk kulde som fjernar oss frå verket – då heller ei inkluderande, lun erting. Det underfundige ligg gjerne muntert vevd med tynne fargerike trådar sjølv inne i dei mest svartkvitte av bilda, og såleis utfordrar kunstnaren oss endå ein gong.

Bilda til Brungot gir i større grad instinktive kjensler enn konkrete budskap, såleis at det er opp til kvar betraktar å sjølv lese inn samanhengar i kunstnarskapet hans. Men ein søken etter eit fast eg som for så vidt er ein romantisk, modernistisk tanke fungerer ikkje særleg bra i dette tilfellet, for det er rett og slett ikkje slik at Brungot skaper eit teikn som kan definerast ein gong for alle. Det vil alltid ha forskjellige tydingar, der kvart bilde dannar ein ny kontekst. På same måte som Brungot er uredde for å ta tak i nok nytt og uprøvd, må vi som betraktarar driste oss til ei liknande tilnærming til verka – ikkje krampaktig konkluderande, men fritt og undrande. Og bilda legg opp til det, for fråveret av handfaste leietrådar skaper rom for fabuleringar.

*Hvad er det, hvad er det, hvad er det?
gjentager du, mens du stirrer paa det billede
af Jorden
som flimrer i solpletten paa væggen*
Ole Sarvig


I dei seinare åra har Brungot strekt kunsten sin langt utover landegrensene, der til dømes spanske motiv har lokka han over til fargar, noko serien "Barcelona Manscape" (2002) viser. Han held seg til ei rein fargehaldning, vi finn mange bilde i sterke raude fargar, eller i blått avstemt med varmt kvitlege nyansar.

Innan kunsten vert uttrykket Manscapes gjerne nytta om verk som fokuserer på eller reproduserer landskap som er utforma av menneske-


hender. Brungots "Barcelona Manscape" viser oss veg inn i ein uvanleg røyndom beståande av digre bylandskap. Her vert vi ført inn i eit framand land med eit anna klima, eit anna livsmønster. Utan tittelen til hjelp ville det vore uråd å gjette kvar bilda er tekne – i ein globalisert tidsalder får vi ofte kjensla av at eit urbant bilde kan vere frå kvar som helst. Også her er tomt og aude, sjølv stader der ein hadde forventa å møte mykje folk er det skremmande stilt. Det er først no som plassen er fri for livsmylderet at vi verkeleg ser han. Vi får opna auga for kor uhyggelig triste – nærast tarvelege – dei store urbane plassane kan vere når dei står nakne. Utan det pumpande og pulse- rande bylivet står plassane att som tomme skal. Ser vi mange nok av verka i serien "Barcelona Manscape", får vi etter kvart ei beklem- mande kjensle av å vere åleine i denne aude og merkeleg framande verda som Brungot har mana fram. Vi begynner uvilkårleg å fabule- rer over kvifor her er så mennesketomt, om kva som har hendt med alle menneska som burde vore her. Stemninga i verka er likevel ikkje eintydig negativ. Samstundes indikerer alle dei ferske spora etter menneska at dette ikkje er nokon permanent tilstand. For her verkar alt så nyvaska og rydda, klart for bruk. Kanskje er bileta er knipsa ein fredeleg augneblink, like før larmen, menneskemassene sprøyter nytt liv inn i plassen?

Eit anna verk, "Paris Refleksjonar" (2004-06), består av nærare 100 småbilde av himmelens refleksjonar på ein og same parisiske vegg. Dette verket kan stå som fotokunstens svar på I.C. Dahls skystudium, eller Monets mange variasjonar over lysets skiftande spel på katedra- len i Rouen. Men i staden for å studere skyformasjonane direkte på himmelen eller indirekte på ein steinkatedral, har Brungot funne seg ei skinande blank overflate som reflekterer himmelens fargerikdom. Men avglansen – som er vårt tilvære – treng ikkje vere bleike skug- gar på holeveggen, men den mangfaldige regnbogen. Olav Løkke har skrive at i Brungots bilde kan vi "ane lidenskapen som ligger like under overflaten". Denne formuleringa kjem nært hovudpulsåra som strøymer gjennom produksjonen hans. For det er eit sterkt personleg uttrykk som dannar sjølve fundamentet for desse bilda.
















































Geir M. Brungot – Life is a Local Affair

Eva Furseth, art historian

Raise anchor in your soul and sail away across the great seas.
Shirley Jacobsen

It can be challenging for an artist to curate his own exhibitions, perhaps especially one that is as comprehensive as Geir Morten Brungot's "Life is a Local Affair". Yet when the choice of pictures and their placement is worked out, we get an exhibition wonderfully free from the dictates of 'knowledgeable' judgement. The exhibition spans more than 16 years, and gives us the opportunity to find bridges as well as lines of development.

The points of departure for much of Brungot's art are the places to which he has close ties, the beautiful fjord-district Sykkylven, with its prosperous furniture industry and not more than 8000 souls. Here he grew up and here he works with his art. "Sykkylven is perhaps the most beautiful of all Sunnmøre landscapes", writes Kristoffer Randers in 1890, "The conditions for this are not just one thing – not the fjord – not the mountains, not the glaciers, not the valley – but all this together, the harmonious blend of magnificence and smiles."

Nevertheless, it is not the obvious magnificence Brungot is concerned about; he moves close up to his motifs, looks at the structures in the earth, the wall, or wisps of grass at an intersection. He addresses the perception of what is known – those things that are difficult to describe in words, which one has to be intimately acquainted with in order to grasp. Even so, it is not his home district, as such, Brungot's art addresses. For his motifs lay not only in what the camera lens captures; aided by an exceptional eye, supported by good photographic and compositional handiwork, the motif is lifted up to a level where the work acquires new content, freed from the reality it materializes. His art unfolds thus at the threshold between the atmospheric landscape photography and conceptual art. A series such as "The World According to Me" (1996-2002) confirms (also with its title) that it is his extremely personal perspective he is giving expression to.

And it is a peculiar world Brungot leads us into. Impossible to pinpoint exactly what it is, here we meet what we otherwise would not see,

or what we forget as soon as we have seen it – all the information our brain is programmed to ignore in an existence brimming with impressions. Here we pause and gaze at pictures of trivial road intersections, structures in cement, open spaces. Everywhere in Brungot's universe it is so barren, so empty. There are almost no people, and when we meet someone, they turn their back to us, almost demonstratively. Even where one would expect to find a throng, no one is there. Yet there is always the trace of people; an urban setting with cars, a ping-pong paddle. Although we spy vehicles on a highway, far away, this redoubles the sense of loneliness – which thickens in proportion to how many works you see.

Is it not true that the "outer objective" facts receive interest and significance only to the degree they stream into our thoughts and feelings, and become voices that resonate in the deep hollows within us, in other words, they become one with our anxiety and our hope, our joy and our suffering.

Vladan Desnica

The works function as a sort of landscape of the soul, and remind us that in the final analysis, we are each of us alone, imprisoned within ourselves, with the unpleasant awareness that no one will ever fully understand us. A knowledge as old as humanity, which science nervously tries to erase, and which artist and philosophers through all ages have made their challenge.

Of the exhibited works, it is the series "Eternally Owned is but what is Lost" (1999-2003) that has the most unequivocal symbolism. Here we are confronted with death in various ways; from the direct and painful, to metaphorical pictures – among others, a raspberry field, where a melancholy temperament will see crosses marking graves rather than supports for berry bushes. The reminder that the gaze is subjective and context-based is a leitmotif in his artistic practice. One of Brungot's most important devices is aesthetics; his pictures are downright beautiful to look at. For a number of years he has worked in black and white, often with powerful contrasts in light and dark, which conjure forth interesting structures and rhythms. The photo-

graphs are so tactile – we can pluck blades of grass, feel the cement wall against our fingertips. The pleasing tactile qualities give us the desire to stand and gaze, to look long enough until we sense more than the eye immediately grasps. Then perhaps we better see that there also is something pleasant about the mood of absence resting over the picture. In a hectic, over-loaded weekday, it is good to meet something peaceful and well ordered. Perhaps this is seen most clearly in series such as “The Photography of Boredom” (2001), whose impetus is close-ups of diversely textured surfaces. The motifs are always based on a limited set of components. Nevertheless the pictures are composed so as to achieve a discreet monumentality that causes us to sense their gravity and pensiveness.

These meditative pictures lead us into something similar to Eastern philosophy. Within Taoism, emptiness or non-being is not synonymous with “nothing”, rather, it is the absence of sensible qualities. As such, non-being receives higher status than being. When the Taoist, in his mind, realizes Emptiness, it implies that he has freed himself from all hindrances and distractions, such that Tao can manifest itself in him freely and spontaneously. Only in this way can one achieve harmony and equilibrium. And this harmonizes well with the ascetic expression Brungot emphasizes in his works. At first glance his photographs have minimal content, yet eventually we experience that it is precisely the stripped down pictorial language that gives the pictures space and depth.

People who believe they can explain everything, put things into systems they themselves have constructed; systems that fulfil their need to suppress the angst for life, angst for death and the hunger for eternal life.

Per Hansson

As for Brundot’s photographic artworks, we must be careful to not lapse into a pre-fabricated mode of analysis, for the pictures usually contain a critical remark. Hence one must always be awake when meeting the works, but also when meeting the artist personally. Brungot makes his presence felt with great spirit and energy, and likes to debunk all forms of authority.

Therefore, even when we land upon an interpretation we should not feel safe; the humour, the critical eye is always there. Even so, there is no talk of ironic pictures. The ironic will always be at a disadvantage due to its unobligating distance, and such a perspective causes what is honest and sincere to become less apparent. That is definitively not the case for Brungot’s art. In his photographs lies no ironic coldness that would distance us from the works – rather, an inclusive, warm teasing. The underhandedness often lies woven with thin colourful threads, even in the most black and white of pictures, and thus, once again, the artist challenges us.

To a large degree, Brungot’s pictures give concrete expression to instinctive feelings, such that it is up to each viewer to read contexts into his works. But the search for a fixed self, which, by the way, is a romantic, modernistic notion, does not function particularly well in this case, because Brungot does not create a sign that can be defined once and for all. It will always have different meanings, where each picture establishes a new context. In the same way as Brungot is unafraid to do something new and untried, we as viewers of his works must dare to follow a similar approach – not one that is forced and conclusive, but free and filled with wonderment. And the pictures create the conditions for this, for the absence of fixed principles creates room for fabulation.

What is it, what is it, what is it?

You repeat, while you stare at the picture

Of the earth

That flickers in the spot of sunshine on the wall

Ole Sarvig

In recent years Brungot has stretched his art beyond the confines of his own country; Spanish motifs, e.g., have enticed him to use colour, something the series “Barcelona Manscape” (2002) reveals. He relies on a pure colour palate, and we find many pictures with a strong red or blue colour, harmonized with warm whitish nuances.

In art, the expression Manscapes is often used to describe works that

focus on or reproduce landscapes created by human hands. Brungot's "Barcelona Manscape" leads us into an unusual reality consisting of a huge cityscape. We are brought into a strange land with a different climate, a different pattern to life. Without the help of the title, it would be very hard to guess where the picture was taken – in a global age we often get the feeling that an urban picture can be from just about anywhere. Also here it is empty and deserted, even in places where one would expect to meet many people, it is frighteningly still. It is first now, when the place is freed of the life swarm that can we really see it. We notice how dismally sad – almost shabby – the large urban places can be when they stand naked. Without the pumping, pulsing city life, the place stands like an empty shell. Looking long enough at the series "Barcelona Landscape", we get an uneasy feeling of being alone in this deserted, strangely foreign world Brungot has conjured forth. We instinctively begin to fabulate over why it is so deserted, and what has happened to all the people who should be here. The atmosphere in the work is nevertheless not unambiguously negative, for simultaneously, all the fresh traces of people indicate that this is not a permanent situation. Here everything seems newly washed, ready for use. Perhaps the picture is shot in a peaceful moment, just before the din and human masses infuse new life into the place?

Another work, "Paris Reflections" (2004-06), consists of almost 100 small pictures of the sky's reflections on one and the same Parisian wall. This series can stand as photo-art's answer to J. C. Dahl's sky studies, or Monet's many variations over the shifting play of light on Rouen Cathedral. Yet instead of studying the sky formations directly in the sky, or indirectly on a stone cathedral, Brungot has found a shiny smooth surface that reflects the sky's richness of colour. But the reflection – which is our existence – need not be dull shadows on the wall; it is all the colours of the rainbow. Olav Løkke has written that in Brungot's pictures we can "sense the passion that lies under the surface". This formulation comes to the core of his production, for it is the artist's strong personal expression that establishes the foundation for these works.

THANKS TO

Zdenka Sviteková, Eva Furseth, Randi Nygaard Lium, Dag Aak Sveinar, Louis Bergmann, Even Attramadal, Helge Hovland, Atle R. Carlsen, Terje Hepsøe, Turid og Stein Kåre Nygård, Gunnar Knutsen. Erik Frederiksen, Helge Brunstad, Halstein Kurseth, Trond Nydal, Rune Erlandsen, Arild Solberg, Arve Navelsaker, Arlyne Moy, Kristoffer og Steve Kenneth Brungot.

THE EXHIBITION IS SUPPORTED BY;

Trondheim Kunstmuseum
Kunstmuseet Kube
Norsk Kultur Råd
Slovakias Honorære Konsulat i Trondheim
Brunstad
Sparebanken Møre
Sykkylven Kommune

This catalogue contains pictures from the series; Paris Reflection, Portraits from Behind, Closed Houses, Left Overs.

«Life is a Local Affaire» part 1 & 2 are presented in Trondheim Kunstmuseum (2006) and Kunstmuseet Kube (2007).

Geir M. Brungot
6230 Sykkylven
Norway
gmb@xos.no – www.sloway.no



SPAREBANKEN MØRE

 **BRUNSTAD**[®]



SYKKYLVEN



KUNSTMUSEET
KUBE



TRONDHEIM KUNSTMUSEUM

